

Arbeidsprogram Tokke SV – 2019-2023



Tokke kommune har alle føresetnader for å bli ein enda betre stad å bu.

Kvalitet, bærekraft og miljøomsyn skal leggjast til grunn i utviklinga av kommunen.

Tokke SV vil at det skal vere ein høg kvalitet på det kommunale tenestetilbodet og sikre kvalifisera personell i all kommunal verksemd.

Me seier nei til privatisering av kommunale tenester.



BÆREKRAFTIG NÆRINGSUTVIKLING

Tokke SV vil stø arbeidet for bærekraftig næringsutvikling i heile kommunen. Det inneber mellom anna miljøvenleg turisme, trafikktrygge tiltak, leggje til rette for miljøvenleg samdrift i landbruket og vern av matjorda. Vi vil arbeide for heile og faste stillingar i kommunen.

- Tokke SV vil arbeide for at kommunane i Vest-Telemark nyttar 20% av sitt utbytte frå Vest-Telemark Kraftlag til regionalt næringsarbeid.
- Arbeide for etablering av hurtiglader til El bil i sentrum av Dalen og type 2 ladestasjonar tilknytt dei kommunale arbeidsplassane.
- Tokke SV vil arbeide for etablering av næringshage i Tokke.



OPPVEKST, NÆRMILJØ OG KULTUR

Tokke SV vil arbeide for ein ny organisering av skulekvardagen, slik at kulturskule, lekser, idrett og sfo blir ein integrert del av skulekvardagen. Me vil ha fleire yrkesgrupper inn i skulen og psykisk helse inn på timeplanen. Planlegging av ny skule på Dalen.

Vidareutvikle Tokke biblioteket sitt kulturelle arbeid.

- Tokke SV vil arbeide for å utvikle eit attraktivt og variera bustadstilbod i heile kommunen. Oppretthalde og vidareutvikle Tangane som friområde.
- Gratis kulturskule og SFO.
- Ny barnehage i Høydalsmo.



HELSE OG OMSORG

Tokke SV vil satse på helsefremjande tiltak for alle.

Me vil styrke den psykiske helsetenesta i kommunen og sikre ei forsvarleg ambulansetjeneste.

- Arbeide for å få attende stillinga som diabetes-sjukepleiar i kommunen.
- Oppgradere og vedlikehalde bygningane knytt til Tokke Helsesenter, mellom anna toalett og bad på kvart rom.
- Tokke SV vil at barnetrygda ikkje skal reknast som inntekt i utrekning av sosialstønad.